

PÅMELDING

Gå inn på vevssida kyrkja.no/fusa. Trykk på **Konfirmasjon**, og deretter på **Påmelding**. Fyll inn informasjon i feltene, og **send bilete av konfirmanten** til oss på epost fusasokn@fusa.kommune.no! Frist for påmelding er **23. juni**.

Konfirmantar og føresette møter opp på eit informasjonsmøte fredag 30. august i Eikelandssosen bedehus, 19:00. De vil òg få utdelt ein detaljert plan for hausten under dette møtet; vårplanen kjem i posten mot slutten av hausten.

Merk: Dersom konfirmanten treng særleg tilsyn, eller har allergiar og liknande, er det viktig at me får vita om det. Før det opp på registreringsskjemaet, eller kontakt ein av oss direkte.

DEN STORE DAGEN

I 2020 har me desse konfirmasjonsgudstenestene i Fusa sokn:

- Laurdag 2. mai: **Sundvor** (11:00)
- Sundag 3. mai: **Fusa** (10:00 & 12:00)
- Laurdag 9. mai: **Hålandsdalen** (11:00)
- Sundag 10. mai: **Strandvik** (11:00)

KONTAKT OSS

Er det noko du lurer på? Ta gjerne kontakt med Fusa kyrkjekontor på telefon **56 58 01 81** eller epost fusasokn@fusa.kommune.no. Stikk gjerne òg innom på 2. høgda på Fjord'n senter, eller finn oss på Facebook (Fusa sokn)!



Sokneprest
Einar Ekerhovd
913 82 964
eekerho
@online.no




Trusopplæringsleiar
Stefan André Svendsen
984 21 117
stefan.andre.svendsen
@fusa.kommune.no



Konsulent
Endre Tveit
902 44 152
endre.tveit
@fusa.kommune.no

KONFIRMANTAN 20 ✝ 20



STØRST AV ALT

- i Fusa sokn

VELKOMEN SOM KONFIRMANT!

No som du snart skal starta i 9. klasse, vil me gjerne ynskja deg velkomen til konfirmasjon i Fusa kyrkjelyd. Me vil invitera deg om du trur på Gud, om du tvilar, eller om du berre er nysgjerrig. Alle er velkomne!

Konfirmantopplegget er tredelt. **Alle delane er obligatoriske**, men del 2 er delt opp i mindre grupper. Heile konfirmantopplegget kostar **800,-**.

DEL 1: UNDERVISING OG BASIS

Alle konfirmantar skal delta på to **undervisingskveldar** kvar månad: Ein onsdag felles på Eikelandsosen bedehus, og ein tysdag eller onsdag i konfirmasjonskyrkja di. Du skal òg delta på desse opplegga:

- ⇒ **Innsamlingsaksjonar** – kalenderaksjonen på hausten, og fasteaksjonen på våren.
- ⇒ **Konfirmantfest** – Ein avsluttingsfest for året saman med foreldre, heilt i tampen på april.

DEL 2: GUDSTENESTER

Gudstenester er ein viktig del av opplegget vårt, og me legg opp til at du skal vera med på **minimum fire** sjølvvalde gudstenester, samt desse særleg oppsette gudstenesteopplegga:

- ⇒ **Presentasjonsgudsteneste** – Presentasjonsgudstenesta skjer i kyrkja der du skal konfirmerast, og vert spreidd utover helgene kort etter konfirmasjonsleiren. Om du ikkje kan møte opp på gudstenesta der du er sett opp til å vera med, kan du koma på ein av dei andre – men **i so fall treng me melding om det på førehand**. Ta kontakt!
 - **Fusa kyrkje** 15.09., 11:00 / **Sævareid kapell** 15.09., 16:30 (for Sundvor)
 - **Hålandsdalen kyrkje** 22.09., 11:00 / **Strandvik kyrkje** 29.09., 11:00
- ⇒ **Gudstenesteplanleggjing** – Gjennom konfirmantåret skal du vera med på å gjennomføra ei ungdomsgudsteneste (19:00) og ei Familiemixgudsteneste (vanlegvis 11:00). Me møtest på Eikelandsosen bedehus 45 minutt før gudstenestene tek til og ordnar lokalet, går gjennom opplegget og fordeler oppgåver som til dømes kjøkenestete, tenning av lys, bønner, eller tekstlesing.
 - Hautsemesteret:
Ungdomsgudstenester: 29.09. / 27.10. / 17.11.
Familiemix; 13.10. / 10.11. / 08.12.
 - Vårsemesteret: Datoar kjem seinare

DEL 3: LEIRAR OG AKTIVITET

I løpet av konfirmasjonsåret har me **ein konfirmasjonsleir** og **ei prosjektveke**. Den eine er rett etter skulestart – den andre kjem mot slutten av konfirmantåret. **Begge delar er obligatoriske** og konfirmantundervising foregår på begge.

RAKNESTUNET, OSTERØY – 6.-8. SEPTEMBER 2019

Raknestunet er vår faste haustleirplass, og har friluftsområde med badeplass og fotballbane. Dette blir vår måte å ynskja dykk velkomne til konfirmantåret på, og er alltid full av leik, moro, og fine stunder der me lærer om Gud! Leiren vert avslutta med ei eiga gudsteneste på Eikelandsosen bedehus (klokka 15:00, sundag 8.), der me oppfordrar foreldre og familie til å koma.

GODHETSVEKA, HEILE FUSA – 16.-19. APRIL 2020

Denne aktiviteten erstattar interessegruppene me hadde før. No gjer vi det meir komprimert. Desse dagane skal konfirmanten saman med andre i kyrkjelyden sette sitt preg på heile Fusa med å gjere gode gjerningar. Små ting gjort i kjærleik kan forandre mykje. Her er det snakk om bilvask, hagerydding, småjobbar, barnepass, og meir til.

DEL 4: LYST PÅ MEIR?

I tillegg til det som ligg til konfirmantåret, har me eit ekstratilbod (som er heilt frivillig). **AfterKonf** er eit undervisingsopplegg som skjer i tillegg til den felles konfirmantundervisinga, der me samlast for å læra meir om Jesus og Bibelen, og snakka saman i samtalegrupper. Her er det òg med eldre ungdomar, og me ynskjer å skapa eit fint og trygt sosialt miljø rundt gruppa. Om du er interessert i å vita meir om AfterKonf, eller melda deg på, ta kontakt med oss (sjå neste side)!

Me legg òg opp til ulike turar i løpet av året, som du kan melda deg på – desse er heilt frivillige og ikkje ein del av undervisingsopplegget.